

MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 14.09.2006 **Tid:** 16.00-18.30

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av medlemmer møtte 20 , inkl. 2 varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

Arne Jørgensen
Geir Markhus
Arne Tverlid

I staden møtte:

Harald Jørgensen
Nils Arne Teige

Andre som var tilstade på møtet: Ass.adm.sjef Våge og kommunekasserar Per Eikestad under heile møtet.

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 20. september 2006

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen vart godkjent.

VAL AV TRE REPRESENTANTAR SOM SKAL SKRIVA UNDER

MØTEPROTOKOLL: Sture Tveit, Vidar Rolland og Marit Aase.

UTVALET SITT KVARTER:

Øyvind Røen; stilte spørsmål om PPT og kva som skjer der. Ass.adm.sjef orienterte om avtale med Vaksdal fram til januar 2006 og at nymeldte saker vil Pedagogisk teneste i Samnanger (pedagogisk konsulent) formidle vidare. Vaksdal har ikkje dei fagfolka som trengs, og Samnanger kjøper no denne tenesta utanom for å dekke behovet.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

1. Hilde-Lill Våge og Sammy Kuley orienterte om partnersamarbeidet med Fredskorpet og Samnanger kommune, der kommunen har utveksling med Sigowet.
2. Ordføren gav blomehelsing til følgjande kommunestyremedlemmar; Sture Tveit 60 år, Sigmund Dyrhovden 50 år og Arne Tverlid 70 år.
3. Kommunestyret fekk utdelt til orientering skriv vedk. Søknad om løyve til bompengefinansiering av Kvammapakken.
4. Medling om at ein er i gang med sal av 7 tomtar i Rolvsvåg.
5. Kommunane Os, Fusa og Samnanger har leigd inn konsulent Smedal i engasjementstilling på timebasis til rådgjeving innan næringsutvikling. Os kommune har arbeidsgjevaransvaret.
6. Ruspolitisk handlingsplan kjem til handsaming i OO-møtet 17 oktober.

TEMAMØTE OM POLITISK ORGANISERING, frå kl. 18.30 - 20.30

Astrid Selsvold , ordførar i Kvam Herad, og Håkon Matre, ordførar i Masfjorden kommune, var innleiarar til temamøtet. Konsulent M. Haugen var referent i møtet.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaknr. Tittel
0015/06	06/00387 VEDLIKEHALD AV GRASBANA - IDRETTSPLASSEN.
0016/06	06/00193 RV 48 -FORSKOTTERING AV UTGIFTER
0017/06	05/00087 NY KRAFTLEIDNING MELLOM EIDFJORD OG SAMNANGER.
0018/06	05/00082 ENDRING AV RENOVASJONSFORSKRIFTENE I BIR- KOMMUNANE.

0015/06

VEDLIKEHALD AV GRASBANA - IDRETTSPLASSEN.**Framlegg til vedtak::**

Det skal utarbeidast ein plan for vedlikehald av idrettsanlegget i Hagabotnane som m.a. inkluderer lufting av grasbanen i faste intervall. Holpipelufting av banen vert innarbeidd i budsjettet for neste år.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Det skal utarbeidast ein plan for vedlikehald av idrettsanlegget i Hagabotnane som m.a. inkluderer lufting av grasbanen i faste intervall. Holpipelufting av banen vert innarbeidd i budsjettet for neste år.

0016/06

RV 48 -FORSKOTTERING AV UTGIFTER**Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune går sterkt inn for at tunnel bak Ytre Tysse vert realisert straks Hellandstunnelen på Rv 48 er ferdig.

Kommunen vil samarbeida med m.a. Fusa og Kvinnherad kommunar for å leggja press på vegmyndigheiter slik at tiltaket kjem på byggeplanane.

Samnanger ynskjer likevel ikkje å vera med å forskottera byggjekostnadane då det er ei rein statleg oppgåve å byggja riksveganlegg, og Samnanger er ikkje i økonomisk posisjon til å nytta midlar til slike investeringar.

Handsaming i møte:

Marit Aase sette fram følgjande framlegg: "Samnanger kommune stiller kr. 5 mil. Til disposisjon til forskottering "RV 48: Tunnel bak ytre Tysse". Kommunen tek opp lån der midlar frå næringsfondet vert nytta til å betala renteutgiftene. Vegnemnda føl saka vidare i høve til framdrift og status i NTP (nasjonal transportplan) og til mogleg forskotterings-samarbeidspartnarar. "

Sigmund Dyrhovden bad om gruppemøte.

Møtet vart mellombels heva.

Øyvind Røen sette fram følgjande framlegg:" Samnanger kommune går sterkt inn for at tunnel bak Ytre Tysse vert realisert straks Hellandstunnelen på Rv 48 er ferdig. Kommunen vil samarbeida med m.a Fusa og Kvinnherad kommunar for å leggja press på vegmyndighetene slik at tiltaket kjem på byggeplanane. Samnanger kommune stiller minst 5 millionar kroner til disposisjon til forskottering av tunnelen bak Ytre Tysse. Summen vert handsama på nytt i samband med budsjettet for 2007. Vegnemnda føl saka vidare i høve til framdrift og status i NTP (nasjonal transportplan) og til mogleg forskotterings-samarbeidspartnarar."

Marit Aase sluttar seg til Røen sitt framlegg og trekkjer sitt.

Det vart røysta alternativ over framlegga til PØ og Røen.
Røen sitt framlegg fekk 12 og vart vedteke medan PØ sitt framlegg fall med 8 røyster.

Vedtak:

Samnanger kommune går sterkt inn for at tunnel bak Ytre Tysse vert realisert straks Hellandstunnelen på Rv 48 er ferdig. Kommunen vil samarbeide med m.a Fusa og Kvinnherad kommunar for å leggja press på vegmyndigheitene slik at tiltaket kjem på byggeplanane. Samnanger kommune stiller minst 5 millionar kroner til disposisjon til forskottering av tunnelen bak Ytre Tysse. Summen vert handsama på nytt i samband med budsjettet for 2007. Vegnemnda føl saka vidare i høve til framdrift og status i NTP (nasjonal transportplan) og til mogleg forskotterings-samarbeidspartnarar.

0017/06

NY KRAFTLEIDNING MELLOM EIDFJORD OG SAMNANGER.

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune er skeptisk til ny 400 kV linje Sima – Samnanger fordi me er uroa over at det kan pressa fram ny kraftlinje vidare frå Børdal mot Bergen. Kommunen synast framleis det er for uklart kva som vil skje vidare vestover og at Statnett i samarbeid med BKK burde klarleggja dette betre føre ein endeleg tek standpunkt i saka.

Kommunen forstår likevel den alvorlege situasjonen som er oppstått med omsyn til kraftforsyninga inn mot BKK området. Dersom det må byggjast ny linje, meiner kommunen at alt. 1.0 må veljast gjennom Samnanger. Alt. 3.0 er uakseptabelt.

Ny kV 420 linje til Samnanger kommune vil i fyrste rekkje få stor verknad i Børdalen. Det er alt i dag mange linjer inn og ut av Børdalen. Trafostasjonen m. linjer er svært dominerande i dag, noko som vert ytterlegare forsterka med dei planlagde tiltaka. Den nye linja vil bandleggja ytterlegare areal og føra til betydelege konsekvensar i høve til drift av skogen.

Grunneigarane i Børdalen må kompenseras. Det vert då fyrst og fremst bedt om tiltak som vil gje driftsmessig verdiauke. Det vert då synt til at lausmassane frå område til den nye trafostasjon kan nyttast til heving av flaumutsett jordbruksareal og bygging av godkjente landbruksvegar i Børdalen. Statnett bør også i anleggsfasen gjera arbeide med å senke terskelen for elva ut av Børdalen. Samnanger kommune syner til at det vart bygd skogsveg som kompensasjon når Bergen Lysverker bygde trafostasjon og linjer inne i Børdalen.

Det er trong for avbøtande tiltak slik at inngrepa vert minst mogleg. Linjer, master og stasjonen må kamoufleras slik at dei vert minst mogleg synleg i terrenget. Dette gjeld spesielt i Børdalen, over Mørkhølen, Fossen Bratte og elles der master og linje er særskilte eksponerte. Dette gjeld mellom anna der master og linje ligg i himmelsynet.

Det må leggjast opp til tiltak som reduserar stråling frå linjene, samt sikra trafostasjonen i Børdalen i høve til uhell. Trafostasjon ligg tett inntil fylkesveg, Det er også busette og aktiv landbruksdrift av område rundt trafostasjon.

Samnanger kommune avventar ein eigen søknad når det gjeld dispensasjon frå kommuneplan og krav om reguleringsplan.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune er skeptisk til ny 400 kV linje Sima – Samnanger fordi me er uroa over at det kan pressa fram ny kraftlinje vidare frå Børdal mot Bergen. Kommunen synast framleis det er for uklart kva som vil skje vidare vestover og at Statnett i samarbeid med BKK burde klarleggja dette betre føre ein endeleg tek standpunkt i saka.

Kommunen forstår likevel den alvorlege situasjonen som er oppstått med omsyn til kraftforsyninga inn mot BKK området. Dersom det må byggjast ny linje, meiner kommunen at alt. 1.0 må veljast gjennom Samnanger. Alt. 3.0 er uakseptabelt.

Ny kV 420 linje til Samnanger kommune vil i fyrste rekkje få stor verknad i Børdalen. Det er alt i dag mange linjer inn og ut av Børdalen. Trafostasjonen m. linjer er svært dominerande i dag, noko som vert ytterlegare forsterka med dei planlagde tiltaka. Den nye linja vil bandleggja ytterlegare areal og føra til betydelege konsekvensar i høve til drift av skogen.

Grunneigarane i Børdalen må kompensera. Det vert då fyrst og fremst bedt om tiltak som vil gje driftsmessig verdiauke. Det vert då synt til at lausmassane frå område til den nye trafostasjon kan nyttast til heving av flaumutsett jordbruksareal og bygging av godkjente landbruksvegar i Børdalen. Statnett bør også i anleggsfasen gjera arbeide med å senke terskelen for elva ut av Børdalen. Samnanger kommune syner til at det vart bygd skogsveg som kompensasjon når Bergen Lysverker bygde trafostasjon og linjer inne i Børdalen.

Det er trong for avbøtande tiltak slik at inngrepa vert minst mogleg. Linjer, master og stasjonen må kamuflera slik at dei vert minst mogleg synleg i terrenget. Dette gjeld spesielt i Børdalen, over Mørkhølen, Fossen Bratte og elles der master og linje er særskild eksponerte. Dette gjeld mellom anna der master og linje ligg i himmelsynet.

Det må leggjast opp til tiltak som reduserar stråling frå linjene, samt sikra trafostasjonen i Børdalen i høve til uhell. Trafostasjon ligg tett inntil fylkesveg, Det er også busette og aktiv landbruksdrift av område rundt trafostasjon.

Samnanger kommune avventar ein eigen søknad når det gjeld dispensasjon frå kommuneplan og krav om reguleringsplan.

0018/06

ENDRING AV RENOVASJONSFORSKRIFTENE I BIR-KOMMUNANE.

Framlegg til vedtak::

Forskrift for handtering av husholdningsavfall m.v. som vedteke av styret i BIR Privat 16.02.2006, vert vedteke som ny forskrift.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Forskrift for handtering av husholdningsavfall m.v. som vedteke av styret i BIR Privat 16.02.2006, vert vedteke som ny forskrift.